

# VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK

## ÅRSRAPPORT 2022



**Sortert avfall gir verdi**

## På veg inn i ein sirkulær økonomi

Sortert avfall gir verdi! Det er VØR sitt slagord, og i løpet av mitt første halve arbeidsår i VØR har eg verkeleg fått innsikt i at dette stemmer. Samfunnet vårt er på full fart over i ein sirkulær økonomi, der vi baserer oss meir og meir på at ressursane skal brukast opp att fleire ganger.

Den «gamle» måten å handtere avfallet på med brenning eller deponering må reduserast så langt råd er. Men om avfallet skal kunne nyttast oppatt som ein ressurs, er vi heilt avhengige av at det vert sortert. Papir i blå dunk, glasemballasje i gul dunk og batteri i raudeboksa. Sorteringa er ein stor og kontinuerleg dugnad, der VØR er heilt avhengige av den gode innsatsen som innbyggjarane gjer.

Alle snakkar om miljøet idag, og i VØR gjer vi verkeleg noko med det. VØR har ei sentral rolle i miljøinnsatsen i Volda og Ørsta, og selskapet prøver å ta gode og framtidretta grep. På det nye omlastingsanlegget på Melsgjerdet i Ørsta vert alt avfall no handtert under tak; luktfritt og reint. På miljøstasjonen i Hovdebygda kan alle innbyggjarane kome og levere avfallet sitt. Her hjelper vi med rett sortering i heile 48 ulike fraksjonar! Det sikrar at ressursane kan nyttast oppatt og at det farlege avfallet vert trygt teke hand om.

VØR er eigd av Volda og Ørsta kommunar, og det er lokale folk som tek seg av jobben i både styre og representantskap hos oss. Såleis er også VØR alle innbyggjarane si «forlenga arm» og reiskap til å ha ei miljørett handtering av avfallet. Vi veit at framtida vil kreve enno betre avfallshandtering, meir ombruk og ein reduksjon i avfallsmengda vi produserer. Samstundes er det viktig at tenestene til VØR er tenlege og lette å bruke, og at dei ikkje kostar meir enn dei må. Korleis vi skal løyse dette, finn vi svara på i fellesskap: VØR, eigarkommunane og innbyggjarane!

Så fortsett å sortere og fortsett det gode miljøarbeidet i Volda og Ørsta!




Hans Peter Eidseflot  
Dagleg leiar

# INNHALD

Avfallsmengder 2021 vs 2022	s 4
Avfall per innbyggjar	s 5
Kva skjer med avfallet vårt?	s 6
Innsamling av farleg avfall	s 10
Ny sidelastar	s 11
Eiga rute for plastemballasje	s 12
Digital tømmekealender	s 13
Opning av VØR avd. Melsgjedet	s 14
VØR godkjent som lærebedrift	s 16
Nytilsette i 2022	s 17
Vinnarar av Returkartonglotteriet	s 18
Montering av kanalpresse Melsgjedet	s 19
Resultatrekneskap 2022	s 20
Melding frå Revisor	s 24
Årsmelding 2022	s 27

# Avfallsmengder 2021 vs 2022

---






I 2022 kasta innbyggjarane i kommunane Volda og Ørsta 7781 tonn med avfall. Dette er 141 tonn meir enn året før.

Dette skuldast blant anna at vi i 2021 ikkje rapporterte papp frå miljøstasjonen. Dette gjekk då som næringsavfall. Om vi tar med desse mengdene for 2021 har vi om lag lik mengde avfall i 2021 og 2022.

Det er også ein liten folketalsvekt frå 2021 til 2022.

# Avfall per innbyggjar



# Kva skjer med avfallet vårt?


---




Vi jobbar stadig med å flytte avfallet oppover i hierarkiet/pyramiden.

I 2022 flytta vi blant anna:

- Gips frå deponi til materialgjenvinning
- Trevirke frå energigjenvinning til materialgjenvinning
- Hardplast frå energigjenvinning til materialgjenvinning.




## Materialgjenvinning 4386 t



Materialgjenvinning er å gjenvinne avfallet slik at dei ulike materiala kan brukast på nytt. Då reduserer vi behovet for å hente ut nye naturressursar. I 2022 sendte vi 56,4% av avfallet vårt til materialgjenvinning.



# Energigjenvinning




Energigjenvinning er å sende avfallet til forbrenningsanlegg der varmen blir nytta til å skape varmt vatn og straum. Samtidig tek ein helse- og miljøskadelege stoff ut av kretsloopet. I 2022 sendte vi 40,6% av avfallet vår til energigjenvinning.



## Deponi

280 t




Deponering av avfall er å grave ned avfallet på fyllingar. Dette skjer i dag under kontrollerte og forsvarlege tilhøve. Og det er ikkje lov til å deponere avfall som kan brytast ned i Noreg. I 2022 sendte vi 3% av avfallet vårt til deponering.

# Innsamling av farleg avfall



Kvart år samlar VØR inn fleire tonn farleg avfall på bygdene i kommunane Volda og Ørsta. I 2022 hadde vi 2 runder med innsamling, ei på våren og ei på hausten, og totalt samla vi inn 15,5 tonn farleg avfall i 2022 på bygdene. Dette utgjør 6,3 % av den totale mengda farleg avfall på 246 tonn som vi fekk inn i 2022.



Farleg avfall er avfall som inneheld helse- og miljøskadelege stoff, og dette må handterast på ein måte som gjer at det ikkje førar til forureining eller skade på menneske og/-eller dyr. Difor er det viktig at vi får skilt dette frå anna avfall.

# Ny sidelastar



Etter 11 år i drift og mange km på vegane i Ørsta og Volda bytta vi sidelastaren vår R8 ut med ein heilt ny våren 2022. Den nye sidelastaren er ein Scania P 320 med påbygg frå NTM.

Denne bilen har Euro 6 klasse, noko som gjer den til ein meir miljøvenleg bil enn den gamle vi hadde. I tillegg er det sjølvsagt betre komfort og meir teknisk utstyr på denne bilen.

Dekoren på bilen er også ny i høve dei andre bilane vi har frå før. Gjennom dekoren rettar vi fokuset på sirkulær økonomi, verdien i avfallet og rettar ein takk til alle som sorterer avfallet sitt slik det kan bli til nye ressursar.



Seljar Frank Sandvik frå Scania overrekker bilen til dagleg leiar Petter Bjørdal.



Vår faste sjåfør på R8, Bjørn Øren, pensjonerte seg i 2022 saman med bilen.

# Eiga rute for plastemballasje



Henting av plastemballasje 1. september 2022

I september 2022 starta vi opp med eiga innsamlingsrute for plastemballasje. Tidlegare vart plastemballasjen samla inn saman med papiret, medan vi frå september starta med å køyre to ulike bilar for å samle inn dette.


For abonnentane vart det ei praktisk endring ved at sekken no skal hengast på krok på utsida av papirdunken, og ikkje leggst ned i dunken saman med papiret. Endringa har fungert veldig godt, og det har vore positive tilbakemeldingar frå abonnentane våre.

Det er fleire grunnar til at vi tok valet om å skilje plastemballasjen frå papiret. Det er auka krav om god kvalitet på råvarene som vi sender frå oss, ein vil nytte mindre ressursar på ettersortering og ein får kvalitetssjekka plasten og papiret som blir samla inn. Papir og plast er to gode råvarer kvar for seg, men når vi blandar desse to avfallstypene i same bil får vi to råvarer med dårleg kvalitet. Når vi tidlegare samla inn plastemballasjen og papiret

i same renovasjonsbil måtte vi bruke mykje ressursar på å ettersortere dette manuelt for å få god nok kvalitet til å sende det vidare.

Når vi no samlar inn plastemballasje og papir kvar for seg får vi ein visuell kvalitetskontroll både på plastemballasjen og papiret som blir levert før vi tømmer det inn i renovasjonsbilen. Er det for dårleg kvalitet blir ikkje avfallet tømt eller tatt med, og kunden får ein avvikslapp på dunken eller sekken sin. På denne måten skal ein få to gode råvarer som kan bli til ny emballasje eller nye produkt.

I 2022 samla VØR inn 215 tonn plastemballasje og 619 tonn papir frå hushaldningane i kommunane Volda og Ørsta. Ved å legge til rette for at ein får betre kapasitet og kvalitet på desse fraksjonane sørger vi for at ressursane våre blir brukt fleire gongar. Når ein kjeldesorterer emballasjen og kvaliteten på denne er god sørger vi for at den går inn i kretsløpet, og vi kan materialgjenvinne plastemballasjen, papiret, og kartongen.




Krok til plastsekken



Papiret og plastemballasjen blir samla inn kvar for seg.

# Digital tømme kalender

.....



Kvart år fram til 2022 har vi sendt ut kalender i posten med oversikt over tømmedagar til alle våre abonnentar. Men dette året valgte vi å ikkje sende ut kalender for 2023, og gjorde dermed tømme kalenderen heildigital. I staden for å trykke opp og sende ut nesten 10.000 kalenderar satsa vi på ei betre utgåve av appen MinRenovasjon.

MinRenovasjon er ein app som varslar om tømmedagar, gir sorteringsinformasjon og har eit meldingssystem som gjer at abonnentar kan sende melding direkte til oss gjennom den.

Vi sett ei auke i kalenderar komme inn igjen som avfall få veker etter at vi har sendt dei ut. Ved å ikkje sende ut kalenderane bidreg vi til å redusere avfallsmengda og sparer miljøet.



# Opning av VØR avd. Melsgjerdet



**15. september 2022** er ein merkedag i VØR si historie. Denne dagen hadde vi offisiell opning av det nye omlastningsanlegget vårt på Melsgjerdet i Ørsta kommune.

Etter år med venting på løyve starta ein i 2021 med bygginga av omlastningsanlegget, og 15.juni 2022 stod anlegget klart for overtaking frå Aurstad Tunnel AS. Nokre dagar etter kom ferdigattesten, og vi kunne starte med testing og gjere oss kjent med anlegget. Og etter tre månadar med prøvedrift kunne vi 15.september 2022 endeleg invitere eigarar, politikarar, naboar og andre interesserte til offisiell opning av anlegget.

Anlegget vart høgtideleg opna av ordførarane i

eigarkommunane Volda og Ørsta, Sølvi Dimmen og Stein Aam, med god hjelp frå sjølvaste Kjellen Bigset frå Klypa. I talane sine la dei vekt på at VØR er eit flott eksempel på eit godt samarbeid mellom kommunane.

Melsgjerdet er eit stort og moderne omlastningsanlegg med luktsluser, avtrekksanlegg og reinsing av alt vatn på området. Anlegget er eit stort løft for oss både miljømessig, arbeidsmiljømessig og når det gjeld logistikk. Vi har fått alt avfall under tak, vi får optimalisert utgåande transport og vi har fått betre tilhøve for tilsette som skal sortere, presse og laste avfall.

Anlegget hadde ein byggekostnad på 98 millionar

i tillegg til tomt, og er dermed også eit stort økonomisk løft for oss som selskap.

Melsgjerdet består av 2 bygg, vekt for inn- og utveging av lastebilar og eit leveringspunkt for fritidsbustadar i området. Bygg A inneheld vaskehall, lasterampe, mottaks- og omlastningsanlegg for matavfall og restavfall, og eit administrasjonsbygg med mellom anna kantine, kontor, garderobe. Bygg B er omlastningshall og lager for innsamla papir, plastemballasje, glas- og metallemballasje. Hausten 2022 monterte vi også opp kanalpresse i bygg B.



Ordførarane Sølvi Dimmen (Volda kommune) og ordførar Stein Aam (Ørsta kommune) stod for klipping av snor med god hjelp frå Kjellen Bigset frå Klypa.



Kjellen med gåve til Petter Bjørdal som gjekk av med pensjon i 2022.

"Eg har sikkert sagt det før, eg elsker VØR".



Styreleiar gjennom byggeperioden, Anne Ellingsen, heldt tale og takka for arbeidet med anlegget.



Oversiktsbilete av Melsgjerdet



Det var mange som møtte fram for å sjå det nye anlegget på Melsgjerdet.

# VØR godkjent som lærebedrift

.....




Lærling Steffen Myklebust står her saman med Anne Mette Farstad som er fagansvarleg i gjenvinningsfaget for VØR.



Med aukande krav og utsortering av stadig fleire avfallsfraksjonar krev handtering av avfall stadig meir kunnskap og kompetanse av den som arbeidar med dette. Difor er det svært gledeleg at vi hausten 2022 vart godkjent som lærebedrift igjen av fylket, og kunne signere lærekontrakt med Steffen Myklebust.

Steffen er eit kjent ansikt i VØR samanheng, og har arbeidd i fleire år som vikar og tilkallingshjelp på miljøstasjonen og som hjelpemann på renovasjonsbil. Gjennom desse åra har han opparbeidd seg mykje nyttig praksis og kunnskap som vil kome til nytte også i læretida.



Saman med opplæringskontoret (OKAB) i Møre og Romsdal har vi laga ein opplæringsplan der han skal få auka kunnskap og praksis når det gjeld handtering og forvaltning av avfall, få kunnskap om ressursane som finnast i avfallet og korleis vi i vår bransje kan bidra til ei berekraftig utvikling. Vi er trygge på at Steffen gjennom læretida vil løfte organisasjonen og bidra med mykje god kunnskap både til kundar, abonnentar og kollegaer.

# Nytilsette i 2022



**Jon Andre Viddal** (47) vart tilsett som sjåfør/fagarbeidar 01.04.22. Han har i dei siste åra leigd seg ut frå eige selskap til ulike verksemder i distriktet.

Jon Andre er ein allsidig mann, som kan nyttast i fleire ulike arbeidsoppgåver. I VØR vil han verte nytta som både sjåfør, operatør og hjelpemann.

**Hans Peter Eidseflot** (48) vart tilsett som dagleg leiar 01.09.22. Han kom frå stillinga som rådgjevar i kommunalteknikk i Stad kommune.

Hans Peter har elles ei brei og relevant erfraning frå ulike kommunale og private verksemder som vil vere nyttig i arbeidet for VØR.



**Pål Henry Evensen** (42) vart tilsett som sjåfør/fagarbeidar 01.12.22. Han har i fleire år arbeida som bussjåfør, og har fagbrev i yrkessjåførfaget.

Pål Henry er ein allsidig mann som kan nyttast til fleire ulike oppgåver.

# Vinnarar av Returkartonglotteriet

Det blir gjenvunne så mykje som 12.000 tonn drikkekartongar per år, og Returkartonglotteriet har eksistert sidan 1997.

Gjennom desse åra har folk rundt om i landet deltatt gjennom konseptet «skyl, brett og stapp». Kvart år trekk Grønt Punkt Norge ut 124 vinnarar som deler ein pott på 1,6 millionar kroner.

Nytt frå 2022 er at det ikkje lenger er krav om at ein må lage kubbe for å vinne toppgevinsten. Kvart kvartal trekk vi i VØR ut ein kartong med namn på som er med i trekkinga av gevinstane. Og i 2022 hadde vi to heldige vinnarar som vann 10.000 kroner kvar.



Anne-Karin og Nikolai er eit godt døme på at det nyttar å sortere ut kartong og skrive namnet sitt på.



## Dette er Returkartonglotteriet

- Alle kan delta og vinne i lotteriet – privatpersonar, bedrifter eller organisasjonar, skular, barnehagar, idrettslag og liknande.
- Kvart år blir det delt ut premiar for til saman 1,6 millionar kroner. Dette blir fordelt på 120 premiar på 10 000 kroner og 4 premiar på 100 000 kroner.
- For å delta må ein skrive namn og telefonnummer på den som ein vil skal vinne på kartongen, og levere den/dei i papirdunken som blir tømt av VØR.
- Ein kan skrive namn både på kubbar (6 kartongar i den sjuande) og enkeltkartongar.
- Drikkekartongane kan vere i ulike storleikar og ein kan levere kartongar frå alle type mjølk, kefir, juice, saus, pudding, vin og drikkeyoghurt.
- NB! Skyl kartongen godt før ein legg den i papirdunken.

# Montering av kanalpresse Melsgjerdet




Testing av kanalpresse på Melsgjerdet i slutten av november 2022.

For å optimalisere uttransporteringa av ein del avfallsfraksjonar vart det i 2022 investert i ei 90 tonn kanalpresse med mateband. Kanalpressa vart montert i november, og tatt for fullt i bruk i desember.

Kanalpressa vart levert av Kiesel Norge AS og er av typen ANIS ATS110-75F. Dette er ei presse som skal nyttast til komprimering av papir, papp og ulike typar plast. Pressa har eit mateband som er nedfelt i golvet, og egne plattformer for sortering/kvalitetskontroll av det som skal pressast. Avfallet blir pressa ned i ei matesjakt, før ein presser avfallet til ferdige ballar og automatisk knyter desse med metallstrengar. Ferdig pressa ballar blir så skyvd ut på utmatingsrampa.

Ved å presse saman avfall av lette fraksjonar som papir, papp og plast får vi meir tonnasje per bil som skal transportere avfallet til mottaksanlegg. Når vi får fulle lass og optimalisert transporten ut sparer vi både miljøet og kostnader.



Lasting av plastemballasje som skal til Tyskland.

# RESULTATREKNESKAP 2022

	Note	2022	2021
<b>DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER</b>			
<b>Driftsinntekter</b>			
Salsinntekt		46 446 378	41 460 689
Annan driftsinntekt		72 735	105 367
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>46 519 113</b>	<b>41 566 056</b>
<b>Driftskostnader</b>			
Frakt, toll og spedisjon			
Beholdningsendring sekkar		-336 992	390 137
Underentreprise		-234 494	-478 256
Lønnskostnad	2	-14 017 145	-14 249 091
Avskrivning	3	-4 392 238	-2 714 151
Annan driftskostnad		-24 729 490	-24 304 031
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>-43 710 359</b>	<b>-41 355 393</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>2 808 754</b>	<b>210 663</b>
<b>FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER</b>			
Finansinntekt		1 092 962	291 343
Nedskrivning av finansielle anleggsmiddel			
Annan finanskostnad		-2 879 366	-1 563 984
<b>Sum netto finanspostar</b>		<b>-1 786 404</b>	<b>-1 272 641</b>
<b>Resultat før skattekostnad</b>		<b>1 022 350</b>	<b>-1 061 978</b>
Skattekostnad på ordinært resultat	7	-57 210	216 621
<b>Ordinært resultat</b>		<b>965 140</b>	<b>-845 357</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>965 140</b>	<b>-845 357</b>
<b>Årsoppgjersdisposisjonar</b>			
Til/frå fond slam		-340 282	4 449 649
Til/frå fond hushaldning		-312 337	-4 495 626
Overført til/frå annan EK		-312 521	891 334
<b>Sum disponert</b>		<b>-965 140</b>	<b>845 357</b>

# BALANSE

EIGEDLAR	Note	2022	2021
<b>Anleggsmidler</b>			
<b>Varige driftsmidler</b>			
Utsett skattefordel	7	268 134	325 344
Immaterielle egedelar	3	-	30 809
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	3	127 928 524	78 677 523
Driftslausøyre, inventar, verktoy, kontormaskiner og liknande	3	11 471 590	7 092 570
<b>Sum varige driftsmidler</b>		<b>139 668 248</b>	<b>86 126 246</b>
<b>Finansielle anleggsmidler</b>			
Investeringar i aksjar og andelar		1 440 287	1 397 268
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<b>1 440 287</b>	<b>1 397 268</b>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>141 108 535</b>	<b>87 523 514</b>
<b>Omlaupsmidler</b>			
<b>Varer</b>			
Varelager		214 072	594 958
<b>Sum varer</b>		<b>214 072</b>	<b>594 958</b>
<b>Fordringar</b>			
Kundefordringar		3 748 588	1 357 443
Andre fordringar		2 452 106	3 514 467
<b>Sum fordringar</b>		<b>6 200 694</b>	<b>4 871 910</b>
<b>Bankinnskot, kontantar og liknande</b>	4	<b>690 653</b>	<b>32 850 245</b>
<b>Sum bankinnskot, kontantar og liknande</b>		<b>690 653</b>	<b>32 850 245</b>
<b>Sum omlaupsmidler</b>		<b>7 105 419</b>	<b>38 317 113</b>
<b>SUM EIGEDLAR</b>		<b>148 213 955</b>	<b>125 840 627</b>

## EIGENKAPITAL OG GJELD

2022

2021

## EIGENKAPITAL

## Opptent egenkapital

Fond for slamhandsaming	-1 835 829	-2 176 111
Fond for hushaldning	8 321 398	8 009 061
Annan egenkapital	<u>13 775 284</u>	<u>13 462 763</u>

## Sum opptent egenkapital

20 260 85319 295 713

## Sum egenkapital

20 260 85319 295 713

## GJELD

## Avsetning for forpliktelsar

Utsett skatt	7	<u>0</u>	<u>0</u>
<b>Sum avsetning for forpliktelsar</b>		<u>0</u>	<u>0</u>

## Annan langsiktig gjeld

Gjeld til kredittinstitusjonar	5	<u>122 132 212</u>	<u>99 047 691</u>
<b>Sum annan langsiktig gjeld</b>		<u>122 132 212</u>	<u>99 047 691</u>

## Sum langsiktig gjeld

122 132 21299 047 691

## Kortsiktig gjeld

Leverandørgjeld		2 510 500	5 281 163
Gjeld til kredittinstitusjonar		638 831	-
Betalbar skatt	7	0	-
Skyldige offentlege avgifter		1 100 717	516 475
Annan kortsiktig gjeld		<u>1 570 844</u>	<u>1 699 585</u>
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<u>5 820 891</u>	<u>7 497 223</u>


## Sum gjeld


127 953 103106 544 914

## SUM EIGENKAPITAL OG GJELD

148 213 955125 840 627


Hovdebygda 03.04.2023


  
Hallvard Bjørneset  
Styreleiar

  
Anne Ellingsen  
Nestleiar i styret

  
John Helge Bjørndal  
Styremedlem

  
Henriette Hafsaas  
Styremedlem

  
Ove Myklebust  
Styremedlem valgt  
av dei tilsette

  
Hans Peter Eidseflot  
Dagleg leiar

## NOTE 1 - Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapsprinsipp er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsprinsipp for små foretak.

Følgjande rekneskapsprinsipp er anvende: det lavaste av kostpris og verkeleg verdi for varer kjøpt inn for vidareresal, forsikra pensjonsforpliktelsar er ikkje balanseførte- kostnader er lik utbetalinga i året til forsikringsselskapet, leigeavtaler er ikkje balanseførte, varige driftsmidlar er som hovudregel avskrive lineært over venta økonomisk levetid.

## NOTE 2 - Tilsette, godtgjersler, lån til tilsette m.v.

LØNSKOSTNADAR	2022	2021
Løner	10 463 901	10 119 824
Arbeidsgjevaravgift	1 679 413	1 748 336
Pensjonskostnader	1 350 271	1 928 899
Andre lønskostnader	523 560	452 032
Sum lønskostnader	14 017 145	14 249 091

Det har i gjennomsnitt vore 17 tilsette i selskapet i 2022.

Godtgjersler	Dagleg leiar	Styre/ Representantskap
Løn	1 100 745	161 754
Anna godtgjersle	75 638	32
Premie til pensjonsordning	332 960	

I posten løn til dagleg leiar er inkludert sluttutbetaling av feriepengar til forrige daglege leiar, i alt kr 115 529.

## Pensjon

Selskapet har plikt til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Selskapet si pensjonsordning tilfredsstiller krava i lova. Betalt pensjonspremie i året: kr. 1.285.494

## Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar i 2022 utgjør kr. 19.950.

## NOTE 3 - Varige driftsmiddel

Kostpris 01.01.22	131 541 227
Tilgang	57 991 449
Avgang	
Kostpris 31.12.22	189 532 676
Akkumulerte avskrivningar kostpris 31.12.22	50 132 562
Balanseførte verdiar 31.12.22	139 400 114
Ordinære avskrivningar i året	4 392 237

## NOTE 4 - Bundne midlar

Posten inneheld bundne bankinnskott med kr. 583.030.

## NOTE 5 - Pantsetjingar og garantiar

Gjeld til kredittinstitusjonar kr 122 132 212,- er sikra med garantiar frå eigarane.

## NOTE 6 - Eigenkapitalinnskott KLP

Selskapet har pensjonsavtale med KLP som er eit gjensidig selskap. År om anna må KLP styrke eigenkapitalen sin og dette skjer ved at medlemmane vert belasta for eigenkapitalinnskott. I 2022 er det betalt kr. 42.859 som er balanseført som eigenkapitalinnskott. Sum innbetalt eigenkapitalinnskott er no kr. 658.341.

## NOTE 7 - Skattekostnad på den skattepliktige delen av verksemda

Midlertidige forskjeller er knyttet til:	2021	2022	Endring
Anleggsmidler	-475 704	-511 801	36 097
Omløpsmidler	0	0	0
Gjeld	0	0	0
Sum midlertidige forskjeller	-475 704	-511 801	36 097
Underskudd til fremføring	-1 954 542	-1 658 402	
Grunnlag utsatt skatt/(utsatt skattefordel)	-2 430 246	-2 170 203	
Utsatt skatt/(utsatt skattefordel)	-534 654	-477 445	57 210

Spesifikasjon av årets skattegrunnlag	2022	2021
Ordinært resultat før skatt	583 741	-994 897
Permanente og andre forskjeller	2 090	0
Endring i midlertidige forskjeller	36 097	10 255
Framførbart underskot	-621 928	0
Grunnlag betalbar skatt	0	-984 642

Spesifikasjon av årets skattegrunnlag	2022	2021
Ordinært resultat før skatt	583 741	-994 897
Permanente og andre forskjeller	2 090	0
Endring i midlertidige forskjeller	36 097	10 255
Framførbart underskot	-621 928	0
Grunnlag betalbar skatt	0	-984 642

Spesifikasjon av årets skattekostnad	2022	2021
Berekena skatt av årets resultat	0	0
Sum betalbar skatt	0	0
Endring i utsett skatt	0	0
Endring i utsett skattefordel	57 210	-216 621
Ordinær skattekostnad	57 210	-216 621
Skattesats i inntektsåret	22	22

Betalbar skatt i balansen består av	2022	2021
Betalbar skatt	0	0
Betalbar skatt i balansen	0	0

## NOTE 8 - Sjølvkostrekneskap 2022 i samsvar med skjema 23- SSB

	HUSHALDNING	SLAM
Kostnader	29 424 919	3 938 486
Kalkulatoriske rentekostnader	3 065 797	79 631
Avskrivningar	3 333 369	108 948
Gebyrgrunnlag	35 824 085	4 127 065
Inntekter	35 944 342	4 539 083
Det finansielle resultatet for året	28 630	409 981
Avsetning til sjølvkostfond	28 630	409 981
Bruk av sjølvkostfond		
Saldo sjølvkostfond 01.01.22	8 009 061	-2 176 111
Alternativkostnad ved bunden EK eller framføring av underskot	283 707	(69 699)
Saldo sjølvkostfond 31.12.22	8 321 398	-1 835 829
Finansiell dekningsgrad i året, prosent	100 %	100 %
Sjølvkostgrad for året, prosent	100 %	100 %

## NOTE 9 - Utleige 2022

Driftsinntekter	
Salsinntekt	6 033 192
Annan driftsinntekt	2 496
Sum driftsinntekter	6 035 688

Driftskostnader	
Underentreprise	-29 390
Lønnskostnad	-1 539 129
Avskrivning	-949 921
Annan driftskostnad	-4 269 815
Sum driftskostnader	-6 788 255

Driftsresultat	-752 567
----------------	----------

Finansinntekter og finanskostnader	
Finansinntekt	1 067 896
Annan finanskostnad	268 413
Sum netto finanspostar	1 336 309

Resultat før skattekostnad	583 742
Skattekostnad på ordinært resultat	-57 210

Arsresultat	526 532
-------------	---------

# Melding frå Revisor

## SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Org.nr. 974 789 280 mva

Til  
Representantskapet for Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS

6160 HOVDEBYGDA

### REVISJONSMELDING 2022

#### Uttalelse om årsrekneskapen

##### *Konklusjon*

Vi har revidert årsrekneskapen for Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS som viser eit overskot på kr. 965.140,-. Årsrekneskapen består av årsmelding, resultatrekneskap og balanse pr 31.12.2022 med notar som beskriver nytta rekneskapsprinsipp og andre relevante opplysningar.

Etter vår meining er årsrekneskapen avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillingen til Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS pr 31. desember 2022, og av resultatet for rekneskapsåret pr. denne datoen som er i samsvar med rekneskapslova sine reglar, tilleggsbestemmelsar i lov om interkommunale selskap, forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for interkommunale selskap og god rekneskapskikk.

##### *Grunnlag for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter ihht disse standardane er beskrevet i Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet slik det vert krevd i lov og forskrift, og har overheldt våre øvrige etiske forpliktelsar i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

##### *Øvrig informasjon*

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for øvrig informasjon. Øvrig informasjon består av årsmelding. Vår uttalelse om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje øvrig informasjon.

I samband med revisjon av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese øvrig informasjon med det som formål å vurdere korvidt det foreligg vesentleg inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsrekneskapen, kunnskap vi har opparbeidd oss under revisjonen, eller korvidt den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den øvrige informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere.

# SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

## *Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir eit rettvisande bilde i samsvar med rekneskapslova sine reglar, tilleggssbestmmelsar i lov om interkommunale selskaper, forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for interkommunale selskap og god rekneskapsskikk. Styret har og ansvar for intern kontroll som gjer det muleg å utarbeide eit årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av mislegheiter eller feil.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta stilling til selskapet si evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetninga om fortsatt drift skal leggst til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at virksomheita vil verte avvikla.

## *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*

Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggande sikkerheit for at årsrekneskapen som heilheit ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som fylgje av misligheiter eller utilsikta feil, og å avgi ei revisjonsberetning som inneheld vår konklusjon. Betryggande sikkerheit er ei høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterar. Feilinformasjon kan oppstå som fylgje av misligheiter eller utilsikta feil. Feilinformasjon vert vurdert som vesentleg dersom den enkeltvis eller samla med rimeligheit kan forventast å påvirke økonomiske beslutningar som brukarane foretek basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserar og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i kompensasjonsoppgåver, enten det skuldast misligheiter eller utilsikta feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følge av misligheiter ikkje vert avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast utilsikta feil, sidan misligheiter kan innebære samarbeid, forfalskning, beviste utelatelsar, uriktige framstillingar eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeidar vi oss ein forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerar vi om dei anvendte rekneskapsprinsippa er hensiktsmessige og om rekneskapsestimat og tilhøyrande noteopplysningar utarbeida av leiinga er rimelege
- konkluderar vi på hensiktsmessigheiten av leiinga sin bruk av fortsatt drift-forutsetninga ved avleggelsen av årsrekneskapen, basert på innhenta revisjonsbevis, og korvidt det forelegg vesentleg usikkerheit knytta til hendelsar eller forhold som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til fortsatt drift. Dersom vi konkluderar med at det eksisterar vesentleg usikkerheit, vert det krevd at vi i revisjonsberetningen vier oppmerksomheita på tilleggssopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggssopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifierar vår konklusjon om årsrekneskapen og årsberetninga. Etterfølgande hendelsar eller forhold kan imidlertid medføre at selskapet ikkje forsetter drifta.
- evaluerar vi den samla presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskpaen, inkludert tilleggssopplysningane, og korvidt årsrekneskaen gir uttrykk for dei underliggende transaksjonane og hendelsane på ein måte som gir eit rettvisande bilde.

Vi kommuniserar med leiinga blant anna om det planlagte omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har

Revisjon

Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta

avdekka i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

## Uttalelser om øvrige lovmessige krav

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovanfor og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i hht attestasjonsstandard ISAE 3000, meiner vi leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Larsnes 22/3-2023

*Halldis Moltu*  
Halldis Moltu

-statsautorisert revisor-

# Årsmelding 2022

## 1. Styret

Styret har i 2022 vore slik samansett:

- Anne Ellingsen, styreleiar/ nestleiar
- Hallvard Bjørneset, nestleiar/ styreleiar
- Jon Helge Bjørndal, styremedlem
- Henriette Hafsaas, styremedlem
- Ove Myklebust, styremedlem og representant for dei tilsette

Hallvard Bjørneset var nestleiar fram til han vart valt til ny styreleiar 26.april.

Det har vore gjennomført sju styremøte og det er handsama 48 saker i 2022.

## 2. Representantskap

Representantskapet er samansett av åtte politisk valgte personar, der dei to eigarkommunane har oppnemnt fire kvar. Jan Henning Egset er leiar av representantskapet, og med det har han også møte- og talerett på styremøta. Dei andre medlemmane er Ingvild Aasen (nestleiar), Eldar Engelund, Ingebjørg Osdal, Toril Hasfjord Bjørneset, Kristin Riise, Pauline Vinjevoll og Olav Hope. Det har vore gjennomført to representantskapsmøte i 2022 og det er handsama 13 saker. Selskapet har ut over dei formelle møta ei løpande og god kontakt med selskapet sine eigarar.

## 3. Eigartilhøve, selskapsform og formål

Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS er organisert som eit interkommunalt selskap. Denne selskapsforma er regulert gjennom IKS-lova, som gjev føringar for korleis slike selskap skal riggast og drivast.

Det er Volda og Ørsta kommunar som eig VØR med like store andelar. Styringa og drifta av selskapet er regulert av selskapsavtalen (også kalla vedtekter), og der er formålet til selskapet også nedfelt. Sist revisjon av vedtektene

var i 2017. Selskapet har fått delegert eigarkommunane sine plikter knytt til hushaldsavfall og avløpslam etter forureiningslova. Det inneber at VØR skal ivareta dei praktiske oppgåvene og pliktene rundt avfallshandtering og slamtømming som kommunane er pålagde etter lovverket. VØR forvaltar og driftar såleis ei lovpålagd verksemd på eigarkommunane sine vegner. Verksemda i seg sjølv er i stor grad underlagt nasjonale og internasjonale krav, og desse føringane kan selskapet i liten grad påverke.

Selskapet skal oppfylle eigarane sine forventingar til kostnadseffektive tenester innan miljø og avfall. Selskapet utarbeider ein strategi- og kommunikasjonsplan som vert årleg revidert, sist handsama av representantskapet i november 2022. Selskapet sine overordna strategiske mål er ikkje konkretiserte i den siste planen, men dei kan samanfattast slik:

- Miljø, rett innsamling, mottak, sortering, omlasting, transport og gjenvinning av avfall frå hushald.
- Enkle, brukarvenlege og kvalitetsmessig gode løysingar for abonnentane
- Oppfylle nasjonale miljømål og eigarane sine lokale miljømål og klimaplanar
- Vere ein synleg samfunnsaktør som formidlar tydelege og framtidsretta haldningar innan avfall og miljø
- God økonomistyring

Eit særleg sentralt mål for selskapet, er å auke andelen av avfallet som går til materialgjenvinning. På nasjonalt plan er målet 60% innan 2030, men VØR har fastsett at selskapet skal nå dette målet innan 2025. I 2021 var denne andelen på 54,4%, og utviklinga i 2022 er på rett veg: då oppnådde VØR ein andel på 56,4%.

I 2023 er det planlagt eit litt anna

strategiarbeid enn tidlegare, der også langsiktige strategiar vert fastsette, i tillegg til den meir kortsiktige strategiplanen med handlingsdel som selskapet har hatt. Det at selskapet no har to lokasjonar, relativt høg lånegjeld, opprustingsbehov i Hovden og ein organisasjon i endring gjer dette særleg viktig. Stadig skjerpa nasjonale krav saman med lokale forventingar til tenestene er også viktige moment i eit slikt strategiarbeid.

## 4. Selskapet si verksemd

Den operative drifta til VØR er regulert gjennom «Forskrift for handsaming mv av avfall og slamtømming Volda og Ørsta kommunar». Dette er ei lokal forskrift som regulerer korleis kjeldesortering, innsamling og transport av hushaldsavfallet og avløpslammet skal føregå. Dagens forskrift er vedteken av kommunestyra i 2019, med mindre rettingar etter det. Styret har gått inn for at forskrifta skal reviderast for betre å kunne samsvare med behovet ein no ser for raskare endringar i tenestene. Denne revisjonen er planlagt gjennomført i 2024.

Selskapet si kjerneverksemd er å gje eit renovasjonstilbod til abonnentane, samt å syte for tømming av private og offentlege slamavskiljarar. Desse to tenestene vert gjennomført til sjølvkost, og det vert ført separate rekneskap for desse to områda. Over- eller underskot vert balansert mot sjølvkostfond - eitt for hushaldsavfall og eitt for slam.

I dei to kommunane er det i underkant av 22.000 innbyggjarar. Det samla talet på abonnement auka i 2022, til i alt 9973 ved utgangen av året (mot 9331 i 2021). Den vesentlege auken kom innan fritidshus, der det no er 1917 abonnement (1326 i 2021). Ordninga med innføring av renovasjonabonnement for fritidshus vart i all hovudsak fullført i 2022.

VØR har fram til 2022 utøvd all si stasjonære verksemd med utgangspunkt i anlegget i Hovdebygda. I juni 2022 tok selskapet i bruk det nye omlastingsanlegget på Melsgjerdet i Ørsta, og drifta er etter det fordelt på to lokasjonar. Alt avfall som VØR sjølve samlar inn frå abonnentane vert ført til Melsgjerdet, før vidare transport til dei mottaksanlegga VØR har avtale med. Alt avfall vert lagra og handtert innandørs i lukka hallar. Mat- og restavfall vert handtert i ein hall der luktreinsing og reinsemd står i særleg fokus. Papir, plast og glas/metall vert handtert i ein annan hall, der det særleg er fokus på å ta vare på og forbetre kvaliteten i råvarene.

På det gamle anlegget i Hovdebygda er der framleis miljøstasjon og administrasjon, i tillegg til at dotterselskapet Retura Søre Sunnmøre er leigetakar på anlegget. På Grodås er der også ein liten miljøstasjon som er open ein kveld i veka. For dei som har fritidshus er det for tida 24 ulike stader i Volda og Ørsta der ein kan levere avfall frå fritidshus.

VØR samlar inn og handterer berre avfall frå privathushald, sidan det er dette som er omfatta av monopol-oppgåva. Retura Søre Sunnmøre tilbyr tenester til næringsverksemdar, og hovuddelen av deira verksemd føregår på anlegget i Hovdebygda. Selskapa har kostnadsdeling på noko utstyr og materiell, samt at stordriftsfordelar på kjøp og levering gir betre tenester og meir effektiv bruk av anlegg og utstyr. Eit døme er levering av farleg avfall, der samarbeid gir betre transportløyningar og meir rasjonell handtering. Det økonomiske og operative tilhøvet til Retura Søre Sunnmøre er regulert slik at det ikkje skal føregå kryss-subsidiering mellom monopol og næring.

VØR er frå 2020 sertifisert etter ISO 9001-standarden. Landax vert nytta som kvalitetssystem, og der er rutiner og prosedyrer

samla og lett tilgjengelege. Avvik kan registrerast og følgast opp på ein enkel og ryddig måte, også som app på telefon. VØR har avtale med Verify om sertifiseringstenester, og i 2022 vart det gjennomført oppfølgingsrevisjon. Det vart registrert to avvik og fire forbetningsforslag, og avvika vart lukka innan fristen. Selskapet opplever revisjonsprosessen som svært nyttig. Det vil framover verte arbeidd med å utvikle rutiane og å etablere kvalitetssystemet som ein naturleg del av arbeidskvardagen til alle i VØR.

Arbeid med branntryggleik er ein vesentleg del av VØR sine rutinar, for renovasjonsbransjen i Norge er svært utsett i høve til mange og krevande brannar. På anlegget på Melsgjerdet er det gjort mange sikringstiltak som fullsprinkling, eigen brannvasstank, direktevarsling til 110-sentralen og naudstraumsaggregat. Forsikringskostnadane er like fullt svært høge for slike anlegg. I 2. halvår 2022 vart det i tillegg til ordinære forsikringar, også teikna styreforsikring for VØR.

### **5. Arbeidsmiljø og likestilling**

Selskapet sysselsette 19 årsverk ved utgangen av 2022. Den daglege drifta vart fram til 31.08.2022 leia av Petter Bjørdal. Hans Peter Eidseflot overtok som dagleg leiar frå 1. september.

VØR har i 2022 ikkje hatt alvorleg personskade knytt til selskapet si verksemd. Sjukefråveret i året har vore 8,6%, og det er noko høgt i høve til bransjen elles, der det i 2022 var 5,8% (sjå vedlegg). Det legemeldte korttidsfråveret i 2022 var på 1,6% (1,2% i bransjen elles) og langtidsfråveret var på 6,9% (5,2% i bransjen). Årsakene til sjukefråveret er naturleg nok samansette, og det er iverksett tiltak for å redusere omfanget, både av korttidsfråveret og langtidsfråveret.

Det er i første halvår 2022 igangsett ei omorganisering, mellom anna på grunnlag av at

ein frå 2022 gjekk frå ein til to lokasjonar for den daglege drifta. Fleire har fått nye funksjonar internt i selskapet, og to stillingar er sett vakante. Dels som ein konsekvens av dette, har også selskapet hatt relativt mange mellombels tilsette, og utgiftene til ekstrahjelp har vore høgare enn budsjettet. Arbeidet med denne organisasjonsutviklinga vil pågå utover i 2023, og det er forventa at ein vil oppnå normal drift i løpet av første halvår 2023. At dei tilsette frå 2022 har to ulike oppmøtestadar, er noko selskapet tek høgde for når det gjeld intern informasjon, arbeidsmiljø og kapasitetsutnytting.

Selskapet arbeider også kontinuerleg med kompetanseutvikling av selskapet sine medarbeidarar. I november 2022 vart VØR godkjend på nytt som lærebedrift, og det vart inngått lærekontrakt i gjenvinningsfaget med ein av dei mellombels tilsette.

VØR har avtale med Avonova AS om kjøp av bedriftshelsetenester. I tillegg til dei vanlege tenestene som dei utfører for selskapet, bidreg dei også ved behov i arbeidet med endringar og forbetringar saman med tillitsvalde, verneombod og leiing. I tråd med arbeidsmiljølova har bedrifta stadleg verneombod.

Selskapet legg til grunn at det skal vere likestilling mellom kjønna, og det blir praktisert lik løn for likt arbeid, der ein tek omsyn til alder og erfaring. Av styret sine 5 medlemmer, er to kvinner. Av selskapet sine 19 fast tilsette, er 5 kvinner. Fire av desse er tilsette i administrasjonen. Bransjen har tradisjonelt vore mannsdominert, særleg i dei operative stillingane, men vi ser på landsplan ei gradvis betring. Selskapet ser gjerne ein auke i kvinneandelen, også i operative stillingar. Det er fysisk tilrettelagt med damegarderobe på begge lokasjonane, men det er ikkje

iverksett særskilde tiltak i samband med likestilling. I rekruttering og anna personalforvaltning tek selskapet i vare føresetnadane i likestillingslova og diskrimineringslova.

Selskapet legg stor vekt på at arbeidsmiljøet og samarbeidet i selskapet skal vere godt. Samlokaliseringa med dotterselskapet Retura Søre Sunnmøre er eit positivt bidrag her, både i høve til sosialt samarbeid og fagleg utvikling.

## 6. Miljørappoterering

VØR arbeider kontinuerleg med miljøpositive tiltak ved å:

### - Legge godt til rette for innsamling og kjeldesortering av avfall.

- Eit døme er at i tillegg til dei vanlege henteordningane og miljøstasjonsdrifta, legg VØR til rette for innsamling av metall og EE-avfall på bygdene og farleg avfall i raudeboks, i både bygder og sentrumsområda.

### - Arbeide for å redusere miljøbelastninga drifta av selskapet gir.

- Her er etablering av fleire nedgravne anlegg og derav mindre transport eit viktig ledd i arbeidet.

- VØR har ein jamt over ny bilpark i innsamlinga, men selskapet har ikkje funne det driftssikkert nok å byte lastebilane til el eller andre energikjelder. Derimot er ei utskifting av varebilane til elbilar under planlegging.

### - Stille krav til våre leverandørar om å ta miljøomsyn når dei utfører tenester for selskapet.

- Eit døme er at det vert sett krav til avtalepart om at gips og trevirke frå miljøstasjonen skal gå til materialgjenvinning og ikkje energiformål.

- Papiret som vert samla inn hos hushaldningane i Volda og Ørsta vert sendt sjøvegen frå Ålesund, framfor på lastebil, når det skal til mottaksanlegget i Nederland. Sidan der ikkje er avsetnad for dette returpapiret innanlands, er dette ei god løysing.

## 7. Kundefokus og tenestetilbod

Selskapet legg stor vekt på at tenestetilbodet skal vere brukarvenleg, slik at det skal vere så enkelt som råd for innbyggjarane å kjeldesortere og å ta miljørette val. Tenestetilbodet i VØR fungerer generelt sett godt, og dei fleste innbyggjarane er flinke til å kjeldesortere. Selskapet ser likevel at det framleis er eit potensiale for enno betre sortering i hushalda, og ein driv difor med løpande kampanjar og haldningsarbeid. Eit vesentleg grep som vart iverksett i 2. halvår er at plastsekken no skal ut av papirdunken. Det har medført betre kvalitet både på plast og papir, i tillegg til at det gir oss eit betre høve til kvalitetskontroll av dunken og sekken før henting.

I tråd med samfunnsutviklinga og eigarkommunane sin politikk, legg selskapet opp til stadig aukande digitalisering og bruk av elektronisk kommunikasjon med kundane. Bruk av papirbasert kommunikasjon blir forsøkt redusert tilsvarande, der dette kan erstattast med web- og mobilbaserte løysingar. Eit døme på slike tiltak er overgangen frå papirbasert hentekalender til app-løysing.

Selskapet ser at det er eit stort behov for informasjon knytt til kva avfallet blir til, samt å få fram den store miljøgevinsten ved sortering og gjenvinning. Dette er noko selskapet jobbar kontinuerleg med ut mot innbyggjarane. Bruk av lokalavisene, sosiale medium, heimeside og gode app-løysingar er sentrale verktøy. Det er avgjerande for motivasjonen til abonnentane at dei kjenner til heile gjenvinningsprosessen og forstår at dei bidreg til ein stor miljødugnad ved å kjeldesortere. Dette skaper også meir forståing for oppdraget til VØR og det arbeidet selskapet gjer. Denne bodskapen må vektleggast enno sterkare i framtida for å oppnå dei måla som er sette nasjonalt og lokalt.

## 8. Samfunnsansvar

Selskapet opptrer ansvarleg innanfor område som arbeidsgjevarpolitikk og etikk. VØR følgjer offentlege innkjøpslover og stiller ved innkjøp krav og vilkår m.a. knytt til arbeidstakarrettar, skatteattest, juridisk dokumentasjon og HMS-system. Selskapet jobbar for deltaking i kunnskapsutvikling og miljøvern. Selskapet har etiske retningslinjer som skal sikre at dei tilsette tek gode val, handlar i tråd med verksemda sitt verdigrunnlag og utvise vanleg folkeskikk.

Gjennom selskapet si sertifisering etter standarden ISO 9001, dokumenterer ein transparens og etterleving av lovar, reglar og retningslinjer i samfunnet. Gjennom dette systemet har selskapet eit kvalitetssikringssystem som set fokus på kundar, leiarskap, engasjement, prosess, medverkande beslutningstaking og forbetring.

Selskapet har fokus på å jobbe etter dei øvste nivåa i avfallspyramiden. Hovudmålet er at ein skal oppnå avfallsreduksjon og auka ombruk, samt mest mogleg materialgjenvinning av det innsamla avfallet. VØR følgjer opp våre leverandørar med tanke på best mogleg utnytting av avfallsressursane. Selskapet følgjer sjølv opp eiga innsamling og handtering, slik at t.d mest mogleg avfall går til materialgjenvinning og ikkje vert sendt til forbrenning eller deponi. Selskapet følgjer kontinuerleg opp avvik i eiga verksemd og er opptatt av å ivareta sikkerheita til sine tilsette og omgivnadane rundt.

## 9. Økonomi og forklaring for vidare drift

Renovasjonstenestene som VØR utfører for hushaldningane blir i all hovudsak finansierte gjennom renovasjonsgebyr. Tilsvarande vert slamtømminga finansierte gjennom slamgebyr, men på dette området kjøper VØR alle tenestene knytt til den

praktiske utføringa. Det blir ført egne sjølvkostrekneskap for dei to tenesteområda, og det er egne sjølvkostfond for innbyggjarane i eigarkommunane. På denne måten vert intensjonen i regelverket fulgt opp: innbyggjarane betaler for det tenesta kostar - verken meir eller mindre.

Renovasjonsgebyret til VØR har over lang tid vore på eit lågt nivå samanlikna med naboselskapa, så også i 2022. Viktige grunnar til det er at selskapet over tid har hatt rasjonell drift og låge investeringskostnader. Bruk av sidelastar i innsamlinga og relativt rasjonell geografi er viktige fortrinn i innsamlinga. Ser ein bort frå miljøstasjonen på Grodås, som har kveldsope ein dag i veka, har VØR også eit stort fortrinn i det at selskapet kan samle innsats og varestraum på ein miljøstasjon. Også inntekter frå sal av utsorterte avfallstypar samt leigeinntekter frå Retura Søre Sunnmøre AS bidreg positivt til driftsgrunnlaget i selskapet.

Årsresultatet til VØR er eit overskot på kr. 965.140,-, noko som er betre enn det budsjetterte underskotet på kr 1.494.766,-. Meirinntektene er på 1,6 mill (3,5 %) og mindreforbruket på utgiftssida utgjør 1,0 mill (2,2%). Det er såleis ikkje vesentlege budsjettavvik i 2022.

Ei av årsakene til det betra resultatet er at gebyrinntektene på renovasjon har auka med kring 4% både for Ørsta og Volda, mellom anna på grunn av fleire abonnentar. Dei samla gebyrinntektene frå renovasjon og slam utgjør no 80,2% av selskapet sine samla driftsinntekter. Dei andre inntektene kjem i hovudsak frå leigeinntekter (12,2%), salsinntekter på miljøstasjon (4,4%) og sal av ulike fraksjonar (2,1%). Av finansinntekter må eit aksjeutbytte på 775.000 kr frå Retura Søre Sunnmøre nemnast.

På kostnadssida er faste løner reduserte med 9%, men årsaka

her er mellom anna vakante stillingar og at sjukefråvere ikkje vert erstatta med vikarar, noko som ikkje er ei berekraftig løysing over tid. Det må også nemnast at kostnadane med forbrenning aukar på grunn av den nye nasjonale forbrenningsskatten/CO<sub>2</sub>-avgifta, og Miljødirektoratet har varsla ytterlegare auke i åra som kjem. Ingen av dei store tenesteavtalane i høve til levering og transport skal reforhandlast eller ut på anbod i 2023. Det er såleis ikkje venta større endringar for dei kostnadane i komande år.

I sak 44-22 handsama styret i VØR byggrekneskapen for anlegget på Melsgjerdet. Denne er gjort opp med ein totalsum på 98,4 mill kr. I tillegg kjem kostnader med kjøp og opparbeiding av tomt, samt kjøp av kanalpresse mv. Samla kostnader er såleis reelt 124,3 mill kr. I følge selskapsavtalen § 12 er selskapet si låneramme på 130 mill kr, så det er per i dag begrensa handlingsrom i høve til ytterlegare investeringar. For drifta inneber denne auka lånegjelda at rentekostnader og avskrivningar vil påverke driftsøkonomien, og med aukande rente er det venta at den utgiftsposten framleis vil vekse noko.

Ved årsskiftet er sjølvkostfondet på hushaldsrenovasjon på kr. 8.321.398,-, som er ein auke på kr 312.337 i høve til forrige årsskifte, jf Note 8 i rekneskapen. Over- eller underskot på sjølvkostfond skal brukast eller dekkjast inn i løpet av ein periode på 3-5 år. For 2023 er det budsjettert med eit samla underskot for VØR med 4,7 mill kr, der det aller meste skal dekkjast frå sjølvkostfondet for hushaldsrenovasjon.

Sjølvkostfondet på slam har negativ saldo på kr. 1.835.829,- som er kr 340.282,- mindre enn ved forrige årsskifte. Det er i 2023 ikkje hovudtømmerunde, noko som inneber at utgiftene er mindre og saldo på slamfondet vil auke. I den komande budsjett- og økonomiplanen må det

leggast ein plan for å få dette fondet i balanse.

Det vert ført separat rekneskap for den delen av selskapet der det vert drive utleige og sal av tenester. Denne delen er skattepliktig, og i 2022 hadde denne delen eit overskot på 583.742,- før skatt.

VØR eig ein liten aksjepost i Retura Norge AS, samt 100% av Retura Søre Sunnmøre AS. Frå sistnemnde vart det i 2022 motteke kr 728.000 i utbytte.

Endringane i 2022 med overgang frå drift på ein til to lokasjonar og såleis høgare drifts- og kapitalkostnader, utfordrar selskapet sin økonomi på sikt. I den situasjonen er det positivt at sjølvkostfondet for renovasjon no har ein saldo på 8,32 mill kr, som omtalt over. Fondet vil i denne situasjonen kunne fungere som ein buffer, slik at brå endringar i gebyrnivået vert unngått. Eit viktig mål for det komande økonomiplan-arbeidet vert å syte for ei jamn og føreseieleg gebyrutvikling. Der lyt selskapet ta høgde for både utvikling i kapital- og driftskostnader knytt til det nye anlegget, men også syte for at selskapet vert i stand til å løyse dei mange og spennande utfordringane som møter renovasjonsbransjen i åra som kjem.

Etter styret si meining gir den framlagde resultatrekneskapen og balansen saman med notar, god informasjon om drifta og situasjonen ved årsskiftet. Styret vurderer at selskapet si økonomiske og finansielle stilling er tilfredsstillande, og at årsrekneskapen gir eit rett bilete av selskapet sine egedelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Styret meiner at den forretningsmessige og finansielle risikoen for selskapet si verksemd er låg. Tap på krav er lågt, og inntektene frå utleige og sal framstår som stabile og med låg økonomisk risiko. Det har ikkje kome fram tilhøve etter årsskiftet

som har betydning for vurderinga av årsrekneskapen for 2022. VØR er organisert som eit interkommunalt selskap, noko som i praksis inneber at selskapet ikkje kan gå konkurs, jfr § 3 i IKS-lova om deltakaransvar.

Føresetnadane for framleis drift er til stades, og årsrekneskapen for 2022 er sett opp under denne føresetnaden.

## 10. Framtidsutsikter og planlagde endringar

Etableringa av det nye omlastingsanlegget på Melsgjerdet inneber ei stor endring for selskapet, både praktisk, økonomisk og organisatorisk. Anlegget inneber vesentlege miljøforbetringar i høve til korleis avfallet no vert handtert, samanlikna med tidlegare. Dette gjeld særleg omsynet til logistikk, til det ytre miljøet og omsynet til arbeidsmiljøet. Økonomisk er anlegget eit stort løft, både i høve til kapitalkostnadar og driftskostnadar. Parallelt med dette treng anlegget i Hovden oppgradering, både i høve til logistikk, arbeidsmiljø og rasjonell drift. Selskapet erfarer også at det organisatorisk og driftsøkonomisk er meir krevjande å ha to lokasjonar framfor èin. I det føreståande strategiarbeidet i 2023 vert det vesentleg å avklare handtering og prioritering av dette i tida framover.

Utviklinga i bransjen framover vil omhandle utsortering av fleire fraksjonar, meir fokus på avfallsreduksjon og ombruk, digitalisering og fokus på smarte og kortreiste løysingar. Det vil verte stadig dyrare for avfallsselskapa å levere usortert avfall til forbrenning, og vonleg vil det verte betre etterspurnad og betalingsvilje for reine avfallsfraksjonar. Det er såleis naturleg at samfunnsutviklinga går mot ordningar der ein betaler for den avfallsmengda ein faktisk leverer, og ikkje for eit fast volum på dunkane. Ved at hushalda vert premierte for å levere mindre avfall og levere

sortert avfall, aukar motivasjonen for å gjere tiltak i eigen husstand. Eit anna døme er ønsket om å fase ut bruken av plastposar i innsamlinga av matavfall. Her har styret bedt om at det vert igangsett ei prøveordning med bruk av papirposar, slik at ein får redusert bruken av plast. Dette vil bli gjort i løpet av 1. halvår 2023. Alt i alt ser VØR at tenestene må kontinuerleg utviklast i samsvar med endra behov, endra krav og endra kostnadsutvikling.

Dette er ei spennande utvikling som vil kreve kapasitet og kompetanse i organisasjonen, men også at selskapet har eit breidt samarbeid med eigarkommunane, lokale aktørar og nasjonale organ. Det er ein god kultur for samarbeid i bransjen, og VØR ynskjer å bidra til å vidareutvikle dette. Det er særleg naturleg og nyttig med samarbeid og samhandling med naboselskapa våre. Selskapet ser det som viktig å vere ein positiv samfunnsaktør innan det miljøretta arbeidet, og i lag med eigarkommunane kan mykje oppnåast.

Produksjon av biogass har vore eit tema VØR har arbeidd mykje med dei seinare åra. Bakgrunnen er eit ynskje om at det innsamla matavfallet skal kunne inngå som ei sentral råvare i ein lokal produksjon, framfor at ein i dag transporterer det på bil ut av regionen. Saman med naboselskapa er det utarbeidd eit konsept, og VØR søkte løyve hos Statsforvaltaren til å etablere eit slikt produksjonsanlegg på Melsgjerdet. Løyvet vart påklaga, og i november 2022 oppheva Miljødirektoratet løyvet på grunn av sakshandsamingsfeil. VØR og naboselskapa ser no på ulike alternativ og konsept før ny søknad evt. vert send.

## 11. Eigarstyring og selskapsleiing

VØR forvaltar og drifftar lovpålagde oppgåver og ordningar på vegner av eigarkommunane. Desse oppgåvene er i sin tur knytt til nasjonale og internasjonale

mål og føringar. Selskapet sine prioriteringar er i stor grad påverka og styrt av desse føringane.

Styret meiner at selskapet har ei tilfredsstillande organisering og leiing sett opp mot selskapet si noverande drift. Nye tiltak og endra arbeidsoppgåver gjer likevel at det i åra framover vil vere trong for kompetanseutvikling og gjennomføringskapasitet. Styret vil difor løpande vurdere selskapet sin organisasjon opp mot dei oppgåvene selskapet skal løyse, slik det er nedfelt i strategiplanen.

## 12. Arbeidsåret 2022


Styret vil rette ein stor takk til selskapet sine medarbeidarar. 2022 har vore eit spennande og krevande år, med nytt anlegg og mange i nye roller. Utan stor innsatsvilje og høg lojalitet i heile organisasjonen, hadde det ikkje vore råd å få til det ein har gjort. Dei tilsette utfører ei svært viktig samfunnsoppgåve, og dei skal ha ein stor del av æra for at selskapet har stor tillit og godt omdøme lokalt.


### Vedlegg:


- Måloppnåing vedk avfallsmengder 2022
- Sjukefråværet


Hovdebygda 03.04.2023


  
Hallvard Bjørneset  
Styreleiar

  
Anne Ellingsen  
Nestleiar i styret

  
John Helge Bjørndal  
Styremedlem

  
Henriette Hafsaas  
Styremedlem

  
Ove Myklebust  
Styremedlem valgt av dei tilsette

  
Hans Peter Eidseflot  
Dagleg leiar

# Vedlegg - måloppnåing 2022

---

	2020	2025	2030	2035
EU/Norge sine mål	50%	55%	60%	65%
VØR sine mål	50%	60%		

## VØR sine tal for 2022


Nedstrømsløsning	2022 i tonn	2022 i prosent
Ombruk*	98	
Materialgjenvinning	4386	56,4
Energigjenvinning	3158	40,6
Deponi	237	3,0
Husholdningsavfall totalt	7782	100%

\*Tekstil blir ikkje rekna med i materialgjenvinningsgraden eller rekneskapen til VØR. Dette er mengder samla inn av ulike aktørar i kommunane (UFF og Fretex). Ikkje fått rapportert mengder frå Fileks for 2022.

# Vedlegg - sjukefråværet

● Virksomhet: VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS

◆ Næring: Innsamling, behandling, disponering og gjenvinning av avfall





**Sortert avfall gir verdi**

VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS

Torvmyrane 29, 6160 Hovdebygda / Org.nr: NO 984 068 085 MVA / [firmapost@vor.no](mailto:firmapost@vor.no) / Telefon: 70 04 86 00 / [www.vor.no](http://www.vor.no)